

Borgund, 25 mai 2026

Norges Vassdrags- og Energidirektorat

v/Magnus Elton Veflen

Dykkar saksnummer: 202209809

Innspel til «Revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget»

Erosjon ved Eldrevatnet

Me har ein støl ved sørenden på Eldrevatnet. Der er me plaga med erosjonsskadar i strandkanten. Her er lause grusmassar som stadig blir vaska ut i vatnet. Østfold energi har sjølv stadfesta at dette er ei utfordring og dei driv med årlige målingar av tapt massar på grunn av erosjon.

Østfold Energi, ØE, har tidlegare prøvd å utbetre og bøte på erosjonsskadene, men det har ikkje lykkast. Etter ei synfaring i 2017 og stadfesting våren 2021 meinte ØE, ved Magne Netland, at dei skulle gjere tiltak på og å utbetre skadane, men haust 2021 snudde dei i saka.

Dette påverkar eigedommen negativt og stølshusa direkte. Det eine stølhuset får vatn nærare for kvart år og fallkant på ca 3-5 meter rett ned i innsjøen. Vasspegelet varierer særst mykje og vinden står ofte rett på denne sida av vatnet. Området er eit ynda rekreasjonsområde og viktig utmarksbeite. Arealet er tidlegare slåttemark og viktig for fjellbeite både for våre dyr og reinsdyr.

I konsesjonen viser de til i punkt 15 om plikt til å vedlikehalde justeringar i strandsona.

Me ynskjer å få konkrete data på bordet og ei vurdering av kva som er riktig tiltak for å sikre vidare erosjonsskadar.

Me vil og be om at NVE hjelper oss å innhente informasjon om rapportar som viser erosjonsstatus frå gammalt og i nyare tid. Dette er informasjon me enda ikkje har fått innsyn i frå ØE.

Mvh

Marta Jansen og Dag Lennart Andersson